



Mo kyrkje



Skafså kyrkje



Eidsborg stavkyrkje



Høydalsmo kyrkje



Lårdal kyrkje

*Kyrkjelydsblad for Tokke prestegjeld
Nr. 3-2010- Årgang 24*

KYRKJELYDEN



Velsigninga av eit rett liv



For nokre sundagar sidan var preiketeksta frå Salme 32: ”Sæl er den som får si misgjerning tilgjeven og si synd tildekt!” Her høyrer vi ikkje om fromme, gode og prikkfrie menneske. Vi høyrer om menneske som har feila og gjort urett, men som har fått tilgjeving for syndene sine. Det er det kristendomen djupast sett handlar om.

Men så byrjar også Salme 1 og heile salmeboka i Bibelen med eit ”sæl er den som...” Her er det noko anna det er grunn til å vere lukkeleg for enn tilgjevinga: ”Sæl er den som ikkje fylgjer råd frå gudause menneske og ikkje slår inn på syndarveg”.

Det er altså ei lukke å ikkje gjere det gale, seier salmen. Vi kunne kalle dette for ”velsigninga av eit rett liv”. I den såkalla visdomslitteraturen i det gamle testamentet, t.d. Ordtøka og Forkynnaren, er det eit grunnleggjande syn på tilværet som vi kan kalle ”handling og konsekvens”. Det tyder kort sagt: Lever du rett, går det deg vel. Lever du urett, blir det til ulukke for deg.

Men så syner det seg ofte i livet at dette ikkje slår til, i alle fall ikkje så langt vi kan sjå. Derfor er dette synet på handling og konsekvens blitt problema-

Redaktør: Øyvind A. Jørgensen
Formgjeving: Ove Kjell Huvestad.

Gåver til “Kyrkjelyden”
bankgirokonto 2685 07 06947
Kyrkjekontoret i Tokke
Tlf 350 77 188 Fax 350 77 052

Prost Øyvind A. Jørgensen
Sokneprest Jarle Bryne
Prostidiakon Eilev Erikstein
Kyrkjevevje Ove Kjell Huvestad
Organist Zbigniew Radziej

E-post:

kyrkjekontoret@tokke.kommune.no
prosten@tokke.kommune.no
kyrkjevevje@tokke.kommune.no
Postboks 94, 3886 DALEN

Kontoret er ope:

Måndag - fredag - kl. 0900-14.00.

- mobil tlf. 995 16 348
- mobil tlf. 911 38 976
- mobil tlf. 911 13 580
- mobil tlf. 908 77 188
- mobil tlf. 412 71 930

tisert mange stader i Bibelen. Klåre døme i det gamle testamentet er Salme 73 og Jobs bok. Jesus sa at vår Far i himmelen lèt si sol gå opp over vonde og gode, og då disiplane spurde kven som hadde synda når ein mann var fødd blind, svara Jesus at verken han eller foreldra hadde synda. Ein kan ikkje dra slutningar ”bakover” og seie at når nokon har det slik og slik, då er det ei straff for noko som det mennesket har gjort. Slikt seier dei som trur på sjelevandring og karma, men dette er ikkje eit kristent syn på tilværet.

Likevel er livet fullt av samanhengar mellom handling og konsekvens. Om ikkje vi kan slutte ”bakover”, så kan vi på mange måtar slutte ”framover”, i alle fall ”statistisk”. Kjører eg vilt på vegane, er det stor fare for at eg kan øydeleggje både meg sjølv og andre. Og et eg usunn mat og ikkje brukar kroppen, aukar faren for hjarteproblem og andre sjukdomar.

Slik kan ein ta døme etter døme. Likesom det finst naturlovar, kan ein også tale om ”livslovar”, sjølv om dei ikkje er like eksakte. Å bryte dei har sine konsekvensar. Men Gud vil leie oss på rett veg. ”Kvar bok i Skrifta er innanda av Gud og til nytte i opplæring, formaning, rettleiing og oppseding i rettferd...” 2.Tim. 3,16.

Formaning til eit rett liv er nok ikkje like sterkt framme i den kristne forkynninga no som tidlegare, særleg ikkje som i den pietistiske forkynninga. Dei strenge og ytre livsstilskrava der er ikkje verneverdige, av omsyn til fridom og livsglede, men så er det også noko med å ikkje ”kaste barnet ut med badevatnet”. Også pietismen har sine poeng som godt kan bli hugsa, og motsett: Løyner det seg ikkje mykje sorg og smerte, ulukke og liding under den ”frigjorte” livsstilen som blir prisa av så mange i dag?

Det gjeld berre å ikkje hamne i moralismen. Ei form av han er å slå ned på visse ting, så som sex og rus og røyk, medan ein ikkje tek opp slikt som pengejag, egoistisk livsførsel, ofring av andre for eigen karriere, forbruk som øydelegg miljøet o.s.b. Og framfor alt er moralismen å meine at ein sjølv er betre enn andre. Jesus lærte oss noko om det i forteljinga om farisearen og tollaren i templet. Farisearen hadde sikkert grunn til å takke Gud for det gode ved å leve eit rett og ordna liv, men han såg ned på andre, vart eit dårleg medmenneske, og gjekk glipp av den nåden vi alle treng.

Jarle Bryne innsett som sokneprest

Sundag 29. august var det ein stor dag i Lårdal kyrkje. Jarle Bryne vart innsett som sokneprest i Høydalsmo og Lårdal sokn med særskilt arbeidsområde også i Eidsborg, Mo og Skafså. Kyrkjegarden og grasbakkane utanfor låg fint pussa i sola og tok imot den feststemte kyrkjelyden. Mange hadde møtt fram frå båe sokna og frå Kviteseid og andre stader, og kyrkja vart ganske full. Det var ein fin seinsommardag, sjølv om det kom ei kraftig regnbyge og nokre ulande vindkast under gudstenesta.

Soknerådsleiar Olav Bjørn Bakken las tenestebrevet til Jarle Bryne, den såkalla kollasen, frå biskop Olav Skjevesland. Prost Jørgensen ynskte så Jarle velkomen i stillinga og helsa han med eit ord frå Bibelen, frå 2. Kor. 4,1-7.



”Vi forkynner ikkje oss sjølve, men Jesus Kristus som Herre”, står det der. ”Og når du forkynner,” sa prosten, ”er det ein bodskap om ljuset, ein bodskap som lyser.” Paulus skriv også at ein prest går ope og realt fram og er ein tenar for kyrkjelyden. Og så skriv han: ”Vi har denne skatten i leirkrukker...” Evangeliet er ein kosteleg skatt, men våre kroppar og sinn er som skøyre krukker av leire. Derfor treng vi Guds nåde over livet og tenesta, og vi treng å vere overberende med kvarandre. ”Men”, avslutta prosten, ”lat oss konkludere med det som bibelordet byrja med: ’Når vi ved Guds miskunn



På innsettingsdagen gjekk Jarle over heii frå Kviteseid, der han har budd i tre år, til Lårdal.

har fått denne tenesta, mistar vi ikkje motet.’ Det er mykje å gle seg over i kyrkjelydsarbeidet i Tokke og Vest-Telemark, men det er ikkje lett å få til mange store tiltak, og det kjem ikkje alltid så mange til gudsteneste. Likevel mistar vi ikkje motet, for vi har fått denne tenesta av Gud, ved hans miskunn.”

Jarle Bryne gjekk så for altaret og helsa kyrkjelyden med Guds nåde og fred. ”Det er med glede og frimod eg står her som innsett sokneprest i dag”, sa han. ”Eg har hatt ein lang gåtur. I dag får de ein prest som kjem til dykk som eit heilt menneske. Eg er den eg er. Eg er ’meg sjæl’, tydeleg, men også sårbar.”

Det som Jarle ynskjer å arbeide spesielt med, er gudstenesta, at ho er ein stad der vi gjer ting saman, der alle er like viktige fordi vi treng kvarandre.

Dette temaet tok han vidare opp i preika. ”Kyrkjeskippet har ingen passasjerar”, sa han, ”alle er mannskap. Kyrkjelyden er noko vi driv saman.” ”Eg må tåle at ikkje alle er samde i korleis eg gjer ting.” ”Eg er ikkje heilt A4. Ynskjer de det, så får de ikkje det i meg. Eg likar vågestykke og utfordringar og trur det kan brukast i bygging av kyrkjelyden.”

Preika denne dagen handla om å vere god mot alle. Noko som hadde varma Jarle då han kom til Lårdal, var at ein av dei han hadde hatt som konfirmant i 2008-2009 kom bort og ynskte han velkomen til bygda.



”Kjærleiken har ingen grenser”, sa Jarle. Det tyder m.a. at vi skal gå ein veg saman med menneske, også med dei som er annleis og dei som ikkje kan gje så mykje tilbake. Og så er det noko der som er fullkome, som vi ikkje

treng strekkje oss etter. Vår Herre er der med sine hender, og det er han som får det til å gro. ”Mi bøn og mi von er at kyrkjelyden kan vere eit team”, sa Jarle m.a.



Etter gudstenesta var det velkomfsfest på grendehuset, med kaffi og gode kaker. Fleire tok ordet og ynskte Jarle og Celine og vesle Edith Oliva velkomne til soknet og til heile Tokke. Jarle takka for gode ord og takka alle som har ynskt han velkomen i stillinga, og sa til slutt at hans von er at Jesus må vere i fokus.

ØAJ

”Eg har alltid vore sterkt knytt til kyrkja”

Det seier Sheila Mathisen i Mo. Vi gjer ikkje urett mot nokon om vi seier at ho er ein av dei mest trugne kyrkjegjengarane i heile Tokke. Så sant det er gudsteneste i Mo, må ho dit, og ho er ikkje borte utan at det er tvingande grunn til det.

Sheila er fødd i Burton upon Trent, om lag midt i England, og ho voks opp på ein stor gard der mora hadde arbeid og familien då fekk husvære. Bestemora budde også der. Utanfor huset hadde dei grønsaker, og Sheila måtte tidleg hjelpe med å plukke. Til skulen var det tre kilometer, og dit måtte dei gå.



Faren til Sheila var katolikk, og mora var protestant. Mora ville at borna skulle velje hennar tru, så dei vart døypte i Church of England. ”Det var tre km til kyrkja, og dit gjekk eg trufast”, seier Sheila. ”Eg har alltid vore glad i kyrkja og alltid trudd på Gud.”

Sjølv om Sheila høyrde til den anglikanske kyrkja, var ho også knytt til faren si tru. Femten år gamal søkte ho om å kome inn på klosteskule. ”Men eg visste at mor ikkje ville ha gå med på det, så det vart ikkje noko av. Den beste venninna mi gjekk i kloster. Det høyrst vel rart ut, men eg kjenner at eg skulle gjort det, eg òg. Det var noko eg gjekk glipp av.”

Sheila er fødd i 1941 og hugsar noko av krigen. ”Vi kunne sjå noko av bombinga av byar i nærleiken. Og etter krigen var vi i Birmingham, og eg hugsar dei øydelagde husa. Men der eg budde, hadde vi det ganske trygt. Det er grusomt med krig, men somme stader blir det aldri fred. Eg meiner vi menneske er skapte til å leve saman på same jord, og til å leve i fred.”

Då Sheila var ti år gamal, flytte familien til ein militærleir. Faren hennar var i forsvaret i 35 år. Sheila fortel at ho hadde ein god lærar der, og det hadde mykje å seie, men ho såg også at soldatane gjorde vonde ting, og det var vondt når nokon var stygge med systera hennar, som var døvstum. Sheila måtte fylgje henne til skulen hente henne, og måtte ta seg av syskena når mora ikkje var heime.

Sheila budde heime til ho var 16. Då byrja ho på sjukepleiarskule. ”Helst ville eg ta kok-

keskule, for det likte eg best, men då måtte ein vere atten.” Så vart det arbeid i mange år, m.a. på sjukehus og eldrecenter i Skotland, og ho gifte seg og fekk tre døtrar, men etter nokre år vart ho skild frå mannen.

I Skotland, i 1980, traff ho Jan Mathisen, ein sjømann frå Noreg. Dei gifte seg, og så drog også Sheila til sjøs. ”Eg seilte som kokke på ein gasstankar mellom Algerie og Amerika, og på containerskip mellom Italia og Libya. Det var veldig interessant. Eg lika å sjå korleis menneska budde i andre land.”

Sheila vende heim att til England då faren vart sjuk, og sidan budde ho i Tønsberg ein periode, før ho kom hit til Vest-Telemark og Tokke og til slutt til Mo, der ho bur no.

Vi spør korleis ho trivst i Mo. Blir det ikkje einsamt her?

”Nei, eg trivst veldig godt her. Mo er ein fin plass. Eg elsker å gå i skogen og høyre fuglesongen, og eg matar fuglane. Eg saknar ikkje meir folk, for eg likar å vere i mitt eige selskap. Men huset vårt er for stort. Vi skulle gjerne hatt ein mindre bustad, men det er vanskeleg å få selt huset.”

Sheila lengtar ikkje til storbyen. Ho er ikkje så huga på reising heller. ”Vi var i Russland for to år siden då eit av barneborna mine gifta seg, og så har eg vore i Tsjekkoslovakia. Eg reiser bare når eg absolutt må.” Til England reiser ho av og til, men ho vil heller at dei to døtrane hennar skal besøke henne her i Mo.

Sheila har ikkje vanskeleg for å få dagane til å gå. Ho går turar for å få frisk luft, og så er handarbeid den store hobbyen. ”Vi byrja å strikke sokkar då vi var bare fire-fem år gamle. Vi lærte av kvarandre. Eg kan ikkje sitje utan å ha noko å gjere. Så eg strikkar. Tidlegare hekla eg mykje og broderte dukar, men på grunn av leddgikta har eg ikkje fingrar til å halde synål no.”

På sofaryggen sit Solan og Ludvig, og elles har Sheila massevis av dokker og bamsar og nissar som ho har laga. ”Det er kanskje barnsleg å strikke slike figurar, men det er moro.” Og så samlar ho på bjøller og har eit heilt skåp fullt av dei.



Også i Mo er Sheila sterkt knytt til kyrkja. ”Å kome til gudstenesta er noko eg har behov for”, seier ho. ”Eg kjenner meg mykje betre etter å ha vore til gudsteneste, og det er godt å kome til nattverd. Den kristne trua er viktig for meg.”

Sheila ynskjer at fleire ville dele denne trua, og at fleire kom til kyrkje. ”Ein søndag det var kveldsgudsteneste, kom det bare to menneske. Eg syntest synd på presten då. Det hadde vore ei oppmuntring om fleire hadde kome.”

Sheila går også til kyrkjegarden. ”Eg hadde ei god venninne her, men ho er død no. Eg saknar henne. Kvar veke går eg til grava hennar. Og då ser eg gravene til mange eg kjente. Det er fredeleg og godt å gå på kyrkjegarden.”

I februar i år fekk Sheila vite at ho hadde kreft. Vi spør korleis det var å få høyre det. ”Det kom ikkje som noko sjokk. Eg har nok ein sjettesans for slikt, for eg kjente det på meg på førehand og visste eigentleg at eg hadde kreft.”

Er du redd når du tenkjer på denne alvorlege sjukdomen?

”Nei, eg er ikkje det. Eg må stole på legane og ta det som det kjem. Og så har eg trøyst i trua mi. Eg bed til Gud. Men det har vore ei hard tid. Eg har fare fram og tilbake til sykehuset og nesten ikkje vore heime. Og strålinga har gjort meg frykteleg trøyt.”

Sheila har von om at det går bra med kreften. Men ho veit det ikkje meir sikkert før i oktober. ”Båe dei beste venninnene mine i Skotland døydde av brystkreft”, seier ho, ”men eg er ikkje redd for å dø. Skulle det bli slik at eg må dø no, så er mitt einaste ynskje at eg blir gravlagd på kyrkjegarden i Mo.”

ØAJ

Prestens hjørne

Hausten er komen, og menneske, folk og fe er plassert på heimstaden. Vi er ferdige med ferietid og skulane har begynt for fullt. Kyrkjelyden startar då med sine aktivitetar. Eg har komen til Tokke. Eg har nokre tankar som eg vil dele med dykk. Eg vil bare bekrefte at Vest- Telemarkingar er eit gjestfritt og hyggeleg folkeferd.

Eg trivst godt med natur og miljø her oppe, og eg har lyst til å vere her lenge. Det eg ynskjer for kommunen er at vi kan vere saman om å bygge eit godt samhald. Eg er imponert over dugnadsinnsats på mange felt. Eg har flytta til Lårdal, og her ser eg at friområdet er fantastisk og at det kan nyttast på mange måtar.

Eg vil likevel seie ein ting. Det er viktig at den eldste institusjonen i bygda blir teken vare på. Kyrkja er ikkje noko vi kan hoppe over. Min visjon er å byggje ned terskelen for å kome i kyrkja. Kyrkja er for alle. Det er ikkje berre nokre få som passer i kyrkja. Det er alle medlemmer. Visjonen vår er sjølv sagt å få menneske til å kome til tru på Jesus. Eg ynskjer at kyrkja skal vere noko anna enn det vi møter elles. Eg vil at møtet med kyrkja skal opplevast som noko som bryt med kvardagen. Eg trur det er viktig at kyrkja ikkje opplevast som ei oppgåve som du må gjera, men meir som ein stad der du kan kjenne deg fri. Lat sundags føremiddag vere ei heilag stund for deg og din familie. Den er til for dei fredfulle og til ettertanke, og kyrkja er til for deg og du er der alltid som deltakar. Lat oss saman vinne tilbake sundagen som ein heilag dag for alle, der gudstenesta er hovedfokus.

Jarle Bryne

Johnny Cash i Fjellkyrkja



Frå venstre: Jan Gunnar Haugen, Sindre Løvik og Karl Martin Draugedal.

Om lag 70-80 menneske hadde funne vegen til Fjellkyrkja fredag den 17. september. Det var både bygdefolk og hytteturistar og folk frå nabokommunane. Sindre Løvik hadde kome frå Nissedal og Jan Gunnar Haugen og Karl Martin Draugedal frå Kviteseid for å spele og syngje songar av Johnny Cash. Sindre Løvik var solist, og i tillegg song Jan Haugen to songar av Bjørn Eidsvåg.

Sindre Løvik fortalte mellom songane. Johnny Cash var oppteken av dei som ikkje hadde det så bra, og skreiv m.a. songar om å vere i fengsel. Sjølv levde Cash eit hardt liv i mange år. I barndomsheimen hadde han opplevd den kristne trua, ikkje minst frå mora, som hadde ein sterk tillit til Gud. Etter mange harde år var det særleg kona hans, June Carter, som hjalp han på rett kjøl. Fleire av songane til Cash handlar om Jesus og den kristne trua.

Det var god stemning i Fjellkyrkja denne kvelden. Dei tre karane var gode på gitar, spela godt saman og fekk god kontakt med publikum. Etter konserten var det Ambrosiabrod og kaffi og hyggeleg prat.



Weekendtur til Trovassli



26 konfirmantar, 6 frivillige leiarar, deriblant tre Kvitsundelevar og ein fjorårskonfirmant, prostidiakon og sokneprest hadde ei fantastisk helg på Trovassli. Vi var der den fyrste helga i september. Det er fyrste gongen vi prøver ut leir på hausten. Vi hadde eit godt opplegg og konfirmantane koste seg. På fredag kom vi opp til Trovassli klokka sju om kvelden. Då åt vi kveldsmat og konfirmantane fekk vere med på nattmanøver. Understeikna si syster kom opp på kvelden saman med ei veninne. Grunna misforståing så vart ho ståande ein time i Høydalsmo. Det løyste seg etter kvart, og ho kom opp saman med veninna Lisa og dei koste seg på Leiren. Eg hadde dessverre gløymt fotoapparatet. Difor er det ikkje bilete frå leiren. Men eg kan seie litt om kva vi dreiv med på laurdag. Me sto opp til eit flott vêr. Etter frukosten delte vi konfirmantane inn i 4 grupper. Dei gjekk då gjennom 4 postar.

Vi hadde fire 25 minutters undervisningsbolker. Den eine posten var leik og moro med Kvitsundelevane. Meininga var at dei kunne bli kjende med dei, for dei skal drive lags-team vidare med dei på Dalen. Dei hadde også nokre leikar. Prostidiakonen hadde eit lite lynkurs i det å bli god å snakke med. Julie og Lisa lærte dei opp i Chare leading og eg lærte dei å finne fram i Bibelen.

Etter lunsjen hadde vi weekend challenge. Vi var så heldige at vi hadde 13 gutar og 13 jenter. Då kunne vi få 13 par som vi valde ut tilfeldig. Dei konkurrerte i vasskannebering, samarbeidsøving med kasse, kaste på stikka med femtiøringar og ei hinderløype. Totalvinnar av årets weekend challenge var Siri Vindal og Marius Borgen Helmersen.

På kvelden hadde dei gudstenesteverkstad. Vi delte dei inn i tre grupper og dei øvde på å dramatisere, og dei framførte dramaet i gudstenesta i Høydalsmo kyrkje på sundagen. Det gjekk veldig bra. Vi gjorde gode erfaringar med å ha leiren som starten av konfirmantopplegget. Eg trur vi skal halde fram med det.

Jarle Bryne

Sundagsskulen i Lårdal

19. september starta Celine M. B. Vaagsvold opp sundagsskule i Lårdal. Sundagsskulen blir driven i tilknytning til gudstenesta. Borna er med til kollektbøna, og så går dei ned til prestegarden på Eik og er der til gudstenesta er ferdig. Då kjem foreldra og hentar dei. I kyrkja heng dei opp kvar si due ved hjelp av gode medhjelparar. På sundagsskulen får borna mellom anna fram møte-klistermerker, gåver av ymist slag og dei får syngje saman og lage ting. Slik får dei lære om Jesus. Det er det som er sundagsskulens visjon. Det viktige er at borna blir sett og høyrte.



Eit par gonger i året er sundagsskuleborna med og deltek i gudstenesta. Vi held då ei familiegudsteneste som er lagt til rette for borna. Vi ser på kyrkjelyden som alle medlemmer. Jesus seier og noko viktig i sitt ord: Lat småborna koma til meg og hindre dei ikkje, for Guds rike høyrer slike til. Han seier også: Den som ikkje tek imot Guds rike som eit lite barn, skal ikkje kome inn i det. Det tyder at borna er ein like stor del av gudstenesta som presten. Då må vi leggje til rette for at både born og vaksne kan få noko ut av gudstenesta. Vår visjon er at dei voksne skal kunne få gå på ei messe, få sjå borna, samtidig som dei får høyre Guds ord å vite at borna blir tekne hand om på sundagsskulen.



Sundagsskulen kan by på mange overaskingar til borna. Kom å sjå du òg!

Datoar for sundagsskule fram til jol er:

Sundag 17. oktober kl.11

Sundag 14. november kl.11

Sundag 28. november kl.11 Sundagsskulen deltek i familiegudsteneste.

2. Joledag kl.11



JB

Sekstiårskonfirmantar traff kvarandre



Sekstiårskonfirmantar samla i Mo kyrkje den 15. august. Frå venstre: Olaug Dølo (jentenamn) Anfinhaug, Else Haugobakk (jentenamn) Lofthus, Arnhild Tjønn (jentenamn) Kostveit, Åsne Kringlåk (jentenamn) Kleppe, Olav Lio, Olav T. Haugo og Karl Øverland.

”Vi hadde ein strålende dag både i kyrkja og på hotellet.” Det seier Olav Haugo, som tok initiativet til å samle dei som vart konfirmerte saman i Mo kyrkje for 60 år sidan. På den tida byrja konfirmasjonsførebuinga i mai og gjekk gjennom heile sommaren, berre avbrote av fjorten dagar ferie, og så var konfirmasjonsdagen den 15. oktober. ”Den siste samlinga hadde vi i prestegarden hjå sokneprest Gravir”, fortel Haugo. Kona hans hadde koka kakao til oss og vi fekk kveitebollar med rosiner. Det likte vi godt. Dette var berre fem år etter krigen, og det var rasjonering på sukker og mykje anna, så vi var ikkje så vande med slike godsaker.”

I gudstenesta i august vart jublantane presenterte for kyrkjelyden, og dei fortalde litt om kva dei hugsa frå den tid dei var konfirmantar. Fleire hugsa eit spørsmål som presten stilte på konfirmasjonsdagen: Kva for dyr på jorda drep flest menneske? Meir enn ein prøva seg med løva, men det var ikkje rett, det var malariamyggen.

Etter gudstenesta drog jublantane til Dalen hotell til middag og kaffi og prat om tida då dei var unge. Mange hadde ikkje sett kvarandre sidan den gong, så det var mykje å prate om, og det vart ein lang ettermiddag. ”Etter 60 år er det ikkje å vente at alle kan møte, så vi tykte det var bra frammøte med halvparten”, seier Haugo. ”Og vi som var med, hadde ein veldig fin dag.”

ØAJ

Konfirmantjubileum i Lårdal kyrkje



Frå venstre (årstalet for konfirmasjon i parentes):

Sigmund Nygård (1934), Hans Sandvik (1959), Bjarne Mostaul (1959), Gunnvald Solberg (1959), Aslaug Helga Skottveit (1960) og Gunnlaug Aasne Aalandlid (1960).

Desse jubilea vert haldne kvart 2.år, så dei femner om 2 kull kvar gong.



Sundag 19.sept heldt Soknerådet fest for alle som vart konfirmera i soknet for 75, 50 og 25 år sida. Det var fyrst gudsteneste i Lårdal kyrkje, og etterpå vart det servera kjøtsuppe og kaffi/kaker på grendehuset.

Vandring med helse i kvart steg

”Det har vore veldig fint å få lov å vandre med håp”, sa helseminister Anne-Grete Strøm Erichsen til avisa Vårt Land etter si pilegrimsvandring mot Røldal fredag 27. august. Eller som ein av deltakarne sa til TA: ”Det er helse i kvart steg. Det er godt å kjenne at kroppen fungerer. Ein tenkjer ikkje på det som er sårt og vondt. Bare på det gode”.

Prosjektet ”Å vandre med håp” vart gjennomført for tredje gong siste veka i august. Det er eit samarbeidsprosjekt mellom psykiatrien i Vest-Telemark, DPS i Seljord, Vi-To Kompetanse på Dalen og prostidiakonatotet. Målet å gå fem dagar frå Grunge kyrkje til den gamle stavkyrkja i Røldal. Det gamle krusifikset i kyrkja vart sagt å sveitte kring Jon-sok. Fekk ein noko av denne sveitten på seg, kunne ein bli frisk. Frisk - eller i alle fall mett - vart ein etter suppa hjå Diakoniutvalet i Grunge, og frukosten hjå sjetteklassingane i Edland. Somme var med og vandra ein dag, som prestane i Vest-Telemark, som gjekk frå Vågsli til Ulevå.



Pilegrimstradisjonen har mykje å tilby menneske som ber ekstra tunge bærer. Tradisjonen knyter saman helseforbetring, høve til eksistensiell tenking og fysisk aktivitet til ein heilskapleg tankegang om livsforbetring.

”For meg som helseminister har dette vore svært interessant og lærerikt. Eg har fått vandre saman med menneske med andre røynsler; utføre, menneske utan jobb, menneske som slit med psykisk sjukdom og plager. Her er vi alle på same vandring”, sa helseministeren til Vårt Land (28.08.10)

Helse- og omsorgsministeren takka varmt for vandringa i Røldal kyrkje.

SLEKTERS GANG

DØYPT

Skafså

Lotta Garmo

Skafsåheii fjellkyrkje

Torjus Østvedt Skjellaug

Mo

Olav Andreas Haugo (døpt i Grunge kyrkje)

Ida Lindestad

Linn Kristin Slettetveit Svendsen (døpt på

Vadder Nordre)

Eidsborg

Ann Hege Lofthus Lid (døpt i Brunkeberg kyrkje)

Synne Stigen Byggland

Høydalsmo

Vilde Omland Sending

Lårdal

Linn Iren Djuvet-Kovajord

VIGDE

Eidsborg

Cesilie Hegna Skollerud, f. Hegna og Bjørn Skollerud

Gyro Knutsdotter Homme og Johan Kolrud

Kristine Ravnås og Christian Ravnås

Ina Furustad og Lars Morten Larsen

DØDE

Skafså

Halvor Døli

Olav Sollid

Anne Lise Møller

Gustav Jørgen Frantzen

Mo

Bjørgulv Hallvard Haugo

Ingjerd Austjore Haugo

Eidsborg

Sverre Øverland

Lårdal

Hege Lundeberg



GUDSTENESTER I TOKKE 10.OKTOBER-12.DESEMBER

Sundag 10. oktober – 20.s.e. pinse

Skafsåheii fjellkyrkje kl. 11

Jarle Bryne

Nattverd

Dåp

Konfirmantar deltek

Eidsborg stavkyrkje kl. 18

Jarle Bryne

Nattverd

Konfirmantar deltek

Sundag 17. oktober – 21.s.e. pinse

Lårdal kyrkje kl. 11

Jarle Bryne

Sundagsskule

Mo kyrkje kl. 18

Song- og salmegudsteneste

Øyvind Jørgensen

Sundag 24. oktober – 22.s.e. pinse

Tokke Kulturhus kl. 16.30

Diakoniens Dag

Familiegudsteneste

Jarle Bryne og Eilev Erikstein

Nattverd

Konfirmantar deltek

Sundag 31. oktober – Bots- og bededag

Høydalsmo kyrkje

Jarle Bryne

Konfirmantar deltek

Sundag 7. november – Helgemesse

Eidsborg stavkyrkje kl. 16

Øyvind Jørgensen



INFORMASJON

Returadresse:
KYRKJELYDEN
Postboks 94
3886 DALEN

Sundag 14. november – 25.s.e. pinse

Lårdal kyrkje kl. 11

Jarle Bryne
Konfirmantar deltek
Sundagsskule

Tokke Kulturhus kl. 16.30

Familiegudsteneste
Jarle Bryne
Utdeling av kyrkjebok til 4-åringar

Sundag 21. november – Siste sundag i kyrkjeåret

Torshaug bedehus kl. 18

Jarle Bryne
Konfirmantat deltek

Sundag 28. november – 1.s. i advent

Lårdal kyrkje kl. 11

Familiegudsteneste
Jarle Bryne
Utdeling av kyrkjebok til 4-åringar

Mo kyrkje kl. 19

Ljosmesse m/konfirmantane
Jarle Bryne

Sundag 5. desember – 2.s. i advent

Skafså kyrkje kl. 18

Adventskonsert
Øyvind Jørgensen

Sundag 12. desember – 3.s. i advent

Byrte oppvekstsenter, gymsalen kl. 11

Familiegudsteneste
Øyvind Jørgensen

Høydalsmo kyrkje kl. 19

Ljosmesse m/konfirmantane
Jarle Bryne


Bibelgruppa i Høydalsmo hausten 2010



Møtestad er på Landgård hjå Ellen og Alf Jul Jakobsen kl 1900.

Møtedagar i haust er måndagar i partalsveker: 4.okt, 18.okt, 1.nov, 15.nov, 29.nov og 13.des.

Lurar du på noko så kan du kontakte Ellen/Alf Jul på 35076106, mob 957 71 280, eller Olav Bjørn Bakken på 900 54 978. Alle er hjarteleg velkomne



No er arken komen i orden. Det måtte byttast ein bjelke og gjerast noko småarbeid. Eg vil rette ein stor takk til Gunnar Sending, Olav Ormestøyl og alle som har vore med og fiksa på flåten når vi har trengt det. No har vi i soknerådet vedteke at vi inntil vidare skal halde fram med å betale forsikringa for Lårdals ark. Vi skal også få til nokon få organisere turar i kyrkjelydens regi. Arken har ein verdi, og den vil vi utnytte.

Jarle Bryne